

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 7.3.24

Stad: Fjordsenteret

Sak 16/24. Leigeavtale for 2024-27 for elg og hjortejakta i jaktfelt 2 i Aurland nordre statsallmenning - Aurland jakt og fiskelag

Aurland jakt- og fiskelag fekk i sak 9/24 positivt signal frå Aurland fjellstyre om å fornya leigeavtalen om elg og hjortejakta i jaktfelt 1 i Nordheimsdalen. Men ein ville ta opp leigeavtalen i eit eige møte med Aurland jakt og fiskelag.

Saksopplysning/vurdering:

Møte med Aurland jakt og fiskelag og Aurland fjellstyre vart halde måndag 26.februar. Kjell Hov og Jan Inge Magnussen møtte frå AJF og Harald Skjerdal og Håkon Øydvin frå Aurland fjellstyre. Me vart einige om att prisane bør justerast i samsvar med konsumprisindeksen, og att det kan vera greitt å justera gjennomsnittsvektene etter vekttoppgåver dei siste åra. Spesielt vektene på vaksen bukk har gått ned.

I den førre leigeavtalen vart det start på jakta 1. september, det kom ynskje frå AJF å kunne nytta den fyrste helga i månadsskifte august – september litt meir fleksibelt. Så forslaget vart å skriva frå jaktstart, det kjem an på kva kommunen bestemmer skal vera jaktstart, i dag er jaktstart 15.august.

Framlegg til vedtak:

Aurland jakt- og fiskelag får fornya leigeavtalen for elg- og hjortejakta i Nordheimsdalen, Aurland nordre statsallmenning for perioden 2024-2027.

Avtaleteksten vert som før, med følgjande endringar:

- 1- Avtalen gjeld leige av hjortejakt på Aurland nordre statsallmenning, gnr. 57/2 i Aurland kommune. Jaktfelt 2 over høgdekurva 600 m.o.h. frå jaktstart til 31. oktober.
- 2- Gjennomsnittsvektene som er grunnlaget for utrekning av slutttoppgjeret vert justert ned med 2 kg. på vaksen bukk. Nye gjennomsnittsvekter vert då:

Vaksen bukk	75 kg.
Bukk 1,5 år	48 kg.
Vaksen kolle	55 kg
Kolle 1,5 år	42 kg
Kalv	22 kg.

- 3- Grunnavgifta blir auka til 2300.- kr. pr. vaksne dyr, kiloprisen 73.- kr. kg på alle felte dyr. Prisauke i samsvar med konsumprisindeksen.

Fjellstyrekontoret, den 28. februar 2024

Håkon Øydvin

Vedlegg 1. leigeavtale jakt og fiskelaget

Leigeavtale om elg- og hjortejakt. mellom Aurland Fjellstyre 5745 Aurland som utleigar og Aurland jakt og fiskelag 5745 Aurland , som leigetakar

er det inngått avtale om leige av hjortejakt på fylgjande vilkår:

1. Avtalen gjeld leige av hjortejakt på Aurland nordre statsalmenning, gnr. 57/2 i Aurland kommune, jaktfelt 2, over høgdekurva 600 m.o.h., frå **jaktstart** til 31. oktober.
2. Leigeavtalen gjeld perioden **2024-2027**.

Utleigar kan oppheva avtalen dersom leigetakar eller ein som nyttar retten til han, på ein vesentleg måte bryt vilkåra i avtalen eller i føresegner etter jaktlovgevinga.

Leigetakar er sjølv ansvarleg for at dei som skal jakta på området har betalt dei fastsette avgifter og elles fyller dei krav viltlovgevinga set.

Leigetakar pliktar å setja seg inn i lokale retningslinjer for Elg og hjortejakt i Aurland statsallmenning.

Aurland fjellstyre tilbyr ungdom under 25 år som jaktar med Aurland jakt og fiskelag sitt jaktlag gratis jakt. For kvar ungdom som aktivt deltek i hjortejakta i Nordheimsdalen, skal Aurland jakt og fiskelag sleppa å betala grunnavgift for 1 dyr, kun kiloprisen på kr **73.-** for felte dyr.

3. Det vert gjeve ein kvote på 13 løyve + event. fri kvote på kalv årleg i 4 års perioden, **fordelinga vert avgjort av kommunen**. For hjortejakta skal det betalast ei grunnavgift på kr. **2300.-** for vaksne dyr. Fellingsavgifter kjem i tillegg. Grunnavgifta for kalv er fjerna, så lenge kravet om bestandsreduksjon vert halde oppe. Skyting av kalv går heller ikkje på kvote, men ein skal betala kilopris for felte dyr For felte dyr skal det betalast kr. **73.-** pr. kg. med utgangspunkt i fylgjande gjennomsnittsvekter.

Vaksen bukk	75 kg
Bukk 1,5 år	48 kg
Vaksen kolle	55 kg
Kolle 1,5 år	42 kg
Kalv	22 kg

I sluttoppgjeret for felte dyr vert grunnavgifta trekt frå.

For elgjakta disponerer Aurland jakt og fiskelag eit fritt dyr og ein kalv. Det skal betalast ei grunnavgift på kr. **3500.-** på vaksne dyr, og kr. **1700.-** på kalv. (Fordelinga kan verta endra i kontraktsperioden.) Fellingsavgifter kjem i tillegg. For felte dyr skal det betalast kr. **73.-** pr. kg. etter vektoppgåve attestert av jaktleiar. I sluttoppgjeret for felte dyr vert grunnavgifta trekt frå.

Grunnavgifta skal betalast innan 15. august etter påkrav. Dersom leiga ikkje vert betalt til rett tid, kan avtalen opphevast. Oversikt felte dyr skal sendast utleigar innan 5 dagar etter jaktsslutt som grunnlag for sluttoppgjeter.

4. Brot på viltlov, føresegner, lokale retningslinjer om Elg og hjortejakt i Aurland statsallmenning og leigekontrakt under jakta kan føra til at jaktretten etter denne avtalen vert dregen attende - sjå punkt 7. i lokale retningslinjer. Ved brot på ovannemnde retningslinjer har jaktlaget ikkje rett på tilbakebetaling av grunnavgift.
5. Jaktretten skal utnyttast ved at leigetakar sel jaktkort, innanbygdsbuande kan prioriterast.
6. Trekninga av kven som skal vera med i jaktlaget skal gjerast av styret i Aurland Jakt- og Fiskelag. Her skal ein fylgja offentleg lovverk sine retningslinjer for kunngjering med søknadsfrist, trekkingsdato og trekkingsresultat. Trekkingsresultata skal godkjennast av Aurland fjellstyre før offentleggjering.

Leigetakar pliktar å opplysa att Miljødirektoratet er klageinstans ved tildeling av jaktrett, ein eventuell klage skal sendast gjennom Aurland fjellstyre.

Leigetakar skal sende liste over medlemar i jaktlaget og kopi av ettersøksavtale til utleigar før jakta tek til.

Inntektene av kortsalet skal nyttast til fremje av jakta, viltstelltiltak, oppsyn og naudsynt forvaltning av jaktretten.

6. Melding om felte dyr skal snarast råd og seinast tre dagar etter felling gjevast til fylgjande for eventuell kontroll:

- Aurland fjellstyre 57633566 / 99567650
E-post: haakon.oydvin@fjellstyrene.no

Alle jaktlaga i Nordheimsdalen skal registrera aktiviteten sin på www.settogskutt.no der skal ein registrera kva ein ser og feller med nøyaktige slaktevekte. Fellingsstad skal avmerkast på kart som vert sendt til utleigar etter jaktslutt. Leigetakar er ansvarleg for at fellingsrapport vert send utleigar seinast 5 dagar etter jaktslutt.

7. Event. bruk av skogsbilvegane på naboeigedomen som tilkomst til jaktområdet skal avklarast med grunneigar.
8. Denne avtalen vert oppretta i to eksemplar, eitt til kvar av partane. Det jaktlaget som utøver jakta skal ha ein kopi av avtalen.

Som utleigar

Aurland den. _____

for Aurland Fjellstyre

Som leigetakar

Aurland den _____

for Aurland Jakt og Fiskelag